



NY isolasjon og ny takpapp er på plass på Aktivitetshuset.

Skifte av tak på Aktivitetshuset vert ferdigstillt i denne veka eller tidleg i neste. Representant frå firma Ove K Helland fortel at fire mann har vore i arbeid i to veker. I tillegg kjem tid til rigging og stillasarbeid. All gamal takpapp og isolasjon er skifta. Arbeidet med nytt tak på Aktivitetshuset er kostnadsrekna til kr. 550.000,-

All gamal takpapp er fjerna. Det same er gjort med den øvre delen av isolasjonen. Det er lagt inn ei form for taksperre som ikkje var før. Ny isolasjon og papp er lagt på plass. Alle beslag er på plass slik det var før. Taket har ei lengde på 25 meter og den runda delen er 21 meter.

Firma Ove K Helland kjem frå Stord og ser på oppdraget i Uskedalen som ein kurant jobb. Arbeidsgruppa har pendla til og frå Stord. Det har til tider vore varme dagar på taket, men alt har gått etter oppsett plan.

Michael Røssland i leiinga for Aktivitetshuset fortel at kostnaden på kr. 550.000,- er finansiert slik:

- Overskot på Aktivetsdagen 2017
- Løyving frå KSBank- stiftinga, Kvinnherad
- Gåve frå SPAR, Uskedalen

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Handverkar i firma Ove K Helland AS



Det nye taket er på plass og arbeidet vert ferdigstilt i denne veka.